



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Egil Hauge, 5557 2350

Vår dato
30.08.2016
Dykkar dato
13.04.2016

Vår referanse
2016/5084 421.3
Dykkar referanse
14/202

Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 Austrheim

Samordna uttale - offentlig ettersyn - Austrheim - kommuneplan arealdelen 2016 - 2027

Vi viser til brev av 13.04.2016 der arealdelen av kommuneplanen i Austrheim kommune er lagt ut til offentlig ettersyn. Vi viser òg til Forsøk med samordning av statlege motsegner i arealplansaker (samordningsprosjektet), jamfør brev av 22.06.2013., og til avtale i dialogmøtet den 17.8.16 om utvida frist til å gje uttale.

Bakgrunn

Kommuneplanen vart sist vedteken i 2006. I Planstrategien for 2011-15 vart det rådd til å rullere gjeldande plan. Kommunestyret vedtok 27.02.2013 å setje i gong planarbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Kommuneplanen dekkjer heile kommunen, med unntak av dei områda der vedtekne reguleringsplanar framleis skal gjelde.

Det er gjennomført handsaming av alle innspel til arealbruk som har kome inn i prosessen, med eiga konsekvensutgreiing og ein enkel risiko- og sårbarheitsanalyse for kvar av desse over hundre innspela. Alle KU- dokument er knytte saman med innspelflatene i Nordhordlandskart. På den måten er alle utgreiingane tilgjengeleg for alle via internett. Det er vidare utført kartlegging av funksjonell strandsone som ein del av planarbeidet.

Om samordningsprosessen – saksgang

Føremålet med forsøket med samordning av statlege motsegner til kommunale planar går fram av brev av 3.9.2013 frå Miljøverndepartementet. Målet er å få til ei meir effektiv og målretta handsaming av plansaker og eit betre samarbeid mellom kommunane og statlege styresmakter. Det er også eit mål at forsøket vil medverke til å styrke kvaliteten på dei kommunale arealplanane og gjere dei lettare å gjennomføre.

Statlege fagorgan sender i forsøksperioden uttalane sine, med motsegn, til Fylkesmannen. Fylkesmannen samordnar så høringsuttalane, i samråd med høyringsinstansane og får dermed ei utvida rolle. Fylkesmannen skal vurdere motsegner og merknader som er komne inn og gje ei samla uttale til kommunen, der det vert det vert teke stilling til kva motsegner som skal fremjast. Fylkesmannen kan her avskjere ei motsegn, slik at ho ikkje blir fremja for kommunen, men då etter dialog med vedkomande styresmakt. Fylkesmannen skal elles i vurderinga si alltid ha fokus på motsegna sitt juridiske grunnlag (forankring, tidsfrist), samt på kva for viktige nasjonale/ regionale omsyn som vert råka av planforslaget. I denne vurderinga må det òg leggjast vekt på det kommunale sjølvstyret. Dersom kommunen ønskjer det, inviterer Fylkesmannen i Hordaland til eit dialogmøte i forkant av at samordna uttale vert sendt ut.

Statlege motsegner til planen – forankring og grunngeving

I løpet av høyringsperioden har Fylkesmannen ikkje fått inn uttale med motsegn til planen frå andre statlege sektorstyresmakter. Etter elles å ha vurdert planframlegget når det gjeld eige sektoransvar, har Fylkesmannen følgjande merknader:

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen er positiv til at kommunen har valt å gjere arbeidet med ny kommuneplan sjølv. Det kan gi kommunen eit sterkare eigarskap til planen. Når det er sagt, har planen etter vårt syn nokre vesentlege manglar som gjer den vanskeleg / uråd å tolke. Vi vil peike på følgjande tilhøve:

Konsekvensutgreiing og ROS

Konsekvensutgreiinga bør innehalde ei innleiing der metoden for konsekvensutgreiinga og ROS-analysen vert presentert. Akseptkriteria som er nytta i ROS-analysen er fastsett av kommunestyret i sak KS-059/13 datert 22.05.2013. Desse må leggest inn i konsekvensutgreiinga slik at alle kan sjå kva akseptkriteria som er lagt til grunn.

Planskildringa

Planskildringa skal skildre planen sitt formål, hovudinnhald og verknad, samt planens forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 4-2. Fylkesmannen meiner at planskildringa i vesentleg grad manglar informasjon om hovudinnhald og verknad av planen.

Tolking av planforslaget

Det er svært uklart kva nye tiltak kommunen vil ha inn i planen. Konsekvensutgreiinga har mange stader ikkje ein eintydig konklusjon. Innspela har fått grøn eller raud farge i nordhordlandskart.no. Det er nærliggjande å tru at det er tilrådde (grøn) eller ikkje tilrådde innspel (raud). Men plankartet og føresegnene opnar i mange tilfelle ikkje for dei innspela som konsekvensutgreiinga ser ut til å opne for. Det gjer det svært krevjande/ uråd å tolke planen. Fylkesmannen meiner at det manglar ei klargjering av kva endringar som er foreslegne i planen. Det må etter vårt syn kome klart fram i sakspapira kva som er foreslegne endringar og desse må vere i samsvar med kart og føresegner.

Fylkesmannen meiner at framlegget ikkje gjev eir reelt grunnlag for vår medverknad i planprosessen, slik kravet er i pbl., jf. m.a. § 1.4. Når det ikkje er klart kva planen opnar for, vert det svært vanskeleg å ta stilling til forslaget. Det gjeld kanskje spesielt for allmugen, som ikkje har føresetnader for å sjå at sjølv om eit forslag har fått grøn farge i nordhordlandskart.no, opnar likevel ikkje kommuneplanplankartet og føresegnene for dette forslaget. Om planen vert godkjent slik den no, er vi redd det vil kunne føre til mange misstydingar og eventuelle søknader om dispensasjon i etterkant. Vi har såleis kome fram til at vi vil tilby ein utvida dialog med kommunen i høyringsfasen, basert på følgjande hovudpunkt:

Dialogpunkt:

- Fylkesmannen kan førebels ikkje ta stilling til føresegnene eller dei enkelte endringane i planen fordi det er uklart kva endringar som er foreslått og som skal ha å ha juridisk verknad. Vi er usikre på om det er kartet som er feil eller om kommunen har vald å ikkje ta inn innspel som i utgangspunktet ser ut til å vere tilrådd.

- Fylkesmannen meiner at planskildringa m/ KU må rettast opp og mellom anna innehalde ei konkret oversikt over endringane i kommuneplanen, før vi kan komme med ein endeleg uttale til planforslaget.

Dialogmøte med kommunen

I denne saka har Austrheim kommune takka ja til invitasjonen om ein utvida dialog. Møtet vart halde den 17.8.16, ved Statens hus.

Til stades

Frå Austrheim kommune:

- Per Lerøy, ordførar.
- Asbjørn Nagell Toft, avdelingsleiar.
- Thomas Lindås, byggesakshandsamar/jurist.

Frå Fylkesmannen:

- Lars Sponheim, fylkesmann.
- Egil Hauge, prosjektleiar – samordningsprosjektet.
- Hege Brekke Hellesøe, rådgjevar – Kommunal og samfunnsplanavdelinga.

Tema som vart drøfta

Lars Sponheim ønska velkommen. Austrheim kommune orienterte deretter om planarbeidet. Kommunen er oppteken av å få fram ein tydeleg kommuneplan som er lett å følgje opp i etterkant. Kommunen ønskjer difor råd om korleis ein kan få til det.

Fylkesmannen sine dialogpunkt vart deretter punktvis gjennomgått og illustrerte ved døme, henta frå planframstillinga. Vi viser her til vedlagt presentasjon som vart nytta under møtet. Kommunen tok desse innspela til orientering og vil arbeide vidare med planen på bakgrunn av merknadane. Det var elles semje om at endringane som vil bli gjort etter første offentlege ettersyn, vil medføre at planen vil måtte bli lagt ut til nytt ettersyn.

Konklusjon – avtale om vidare framdrift

Fylkesmannen oppfattar at dialogen har ført fram. Det er etablert semje om at planen har ein del manglar som må rettast opp før vi kan ta endeleg stilling til og vurdere verknadane av han. Vi ser difor ikkje trong for å vurdere å fremje motsegn til planen no.

Av særskilt viktige punkt som vi oppfatta at kommunen vil rette opp, nemner vi følgjande konklusjonar frå dialogmøtet:

- Planskildringa må utfyllast og forankrast i ei tydeleg konsekvensutgreiing og ei områdevis og samla vurdering.
- Område som vert opna for naustbygging må visast korrekt og eintydig i plankartet.
- Det må etablerast byggegrenser, fortrinnsvis forankra i ei funksjonell strandsonevurdering, gjennomgåande i områda som er vist for spreidd utbygging.
- I område som er sett av til spreidd utbygging, må lova sitt krav til å fastsetje omfang og lokalisering oppfyllast, slik at verknaden av planen kan vurderast.
- Når det ligg føre eit revidert framlegg, vil planen bli lagt ut til nytt offentleg ettersyn.

Vi ønskjer lukke til med det vidare planarbeidet og står elles til rådvelde for vidare drøftingar under vegs, dersom kommunen ønskjer det.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Egil Hauge
prosjektleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Statens Vegvesen - Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger